




ÅRSRAPPORT 2025

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD



Sykkylven kyrkje



Ikornes kyrkje

Foto: Hallvard Sandvik

Innholdsliste

1. Innleiing.....	3
1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes.....	5
1.2. Kommunalt ansvar.....	5
1.3. Ansvar og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd	6
2. Fellesrådets samansetning	6
2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd i år 2025.....	6
2.2. Medlemmar i administrasjonsutval	7
2.3. Medlemmar i økonomiutval	7
2.4. Medlemmar i gravplassutval	7
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2025.....	8
§ 14. <i>Finansiering av Den norske kirke og vilkår for tilskudd</i>	9
§ 3. <i>Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar</i>	10
4. Dei tilsette.....	13
4.1. Staben	13
4.2. Legge til rette for engasjement	14
4.3. Reduksjon i prestetenesta	14
4.4. Prostiprest og prestevikarar i gudstenester	14
4.5. Gudstenesteleiarar	15
4.6. Kyrkjetenarar i gudstenester	15
4.7. Organisasjonskart (til 31.11.2025)	15
4.8. Organisasjonskart (frå 01.12.2025)	16
5. Kyrkjene	16
5.1. Kyrkjebygg	16
5.2. Kapell.....	16
5.3. Bårerom	17
5.4. Kyrjekontoret.....	17
5.5. Vasslekkasjar grunna snø og is.....	17
5.6. Tilstandsrapport	17
5.7. Behov for heis og HC-toalett i Ikornnes kyrkje	17
5.8. Opa kyrkje – Sykkylven kyrkje	18
5.9. Kyrkjelege handlingar	18
5.10. Investeringar og vedlikehald	18
6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune.....	19
6.1. Innleiing.....	19
6.2. Driftsbygning.....	19
6.3. Samarbeidspartnarar	20
6.4. Minnelund.....	20
6.5. Eiga nettside	20
6.6. Av større saker i det vidare.....	20
7. Økonomi	21
7.1. Årsrekneskapet	21
8. Oppsummering/måloppnåing/resultat	22
8.1. Tilsette	22
8.2. Samarbeid	22
8.3. Bygningar	22
8.4. Gravplassen	23
8.5. Økonomi	23
8.6. Grunnlag for framleis drift	23

1. Innleiing

Den norske kyrkja (Dnk) sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, døype borna sine, gifte seg, gravlegge sine kjære, delta i kyrkjelege handlingar. Ein skal kunne oppleve diakoni, undervisning, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellesråd. Sokneråda vel også medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som eksempelvis trusopplæringsutval, misjonsutval, diakoniutval, utsmykkingsnemnd og ulike prosjektgrupper/-komitéar. I tillegg til dette har kyrkjelydane mange frivillige/ulønna medarbeidarar som på ulikt vis står i teneste for kyrkja si; for vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen der ei av primæroppgåvene til kyrkjelydane, sokneråda og dei tilsette nettopp er å legge til rette for engasjement og å involvere og inkludere til frivillig innsats.

Det er også slik at kyrkja samarbeider med mange ulike organisasjonar, næringslivet, kommunen, NAV, Byrg, vaksenopplæringa, flyktningekontoret og kriminalomsorgen. Og våre brukarvenlege arbeids-kyrkjer stimulerer til eit variert og mangfaldig tilbod for barn, unge, vaksne, seniorar og eldre. Kyrkjene tilbyr også gode lokalitetar til eigne arrangement for ulike lag og organisasjonar, samt til private selskap som eksempelvis dåps-, konfirmasjons- eller jubileumsselskap.

Det er mykje som skjer i kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes

Aktivitets-klubb	Velledalskoret	Gudstenester Kyrjekaffi middag	Overnattingar i kyrkjene	Konfirmant-arbeid
Måndagstreff Tysdagstreff	Allsang på Bygda	Dåp Vigsel	Ungdoms-kantori	Søndagsskule
Sybla-Hyblakoret	Opa kyrkje	Gravferd Minnesamvær	Leiartrening Tweens	Barnehage-vandringar
Andakt på BUAS	Konsertar Seminar	Kyrkjedagar Kyrkjemesse	Sykkylven Gospelkor	Orgelklubb
Barnekoret Super	Jippikoret	Korkjekt	Tårnagentheig Barrabas-samling	+ Mykje meir

**I Jesus Kristus er det summen
av alle «fot- og handavtrykk»
som ér kyrkja
i Sykkylven-Ikornnes.**



Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande,
open, tenande og misjonerande folkekyrkje,
som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom
og von i Jesus Kristus.

Strategi for Den
norske kyrkja for
2022–2029



**Kyrkja opnar
rom for tru**



**Kyrkja er der
livet vert levd**



**Kyrkja er meir
for fleire**



**Kyrkja for
den enkelte**

Forkynner evangeliet
til menneske gjennom
heile livet

Styrkjer kyrkja som
kulturarena og forvaltar
av kulturarv for
alle generasjonar

Gjev tilhøyrse og skapar
gode møteplassar og
fellesskap fysisk og
digitalt



**Kyrkja i
samfunnet**

Fremjar verdjar
som utfordrar og
som byggjer eit godt
samfunn for alle

Bidreg til å verkeleggjere
berekraftsmåla
– lokalt, nasjonalt og
globalt

Motverkar utanforskap
og utforskar nye måtar
å vere kyrkje på



**Kyrkja som
organisasjon**

Styrkjer gjennom
si organisering ei
levande og nærverande
folkekyrkje

Samhandlar med
organisasjonslivet, andre
trus- og kyrkjesamfunn,
offentlege, private og
ideelle aktorar

Skapar ein mangfaldig,
rekrutterande og
inkluderande arbeidsplass
og frivilligarena

1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd og med kvar sine kyrkjer.

Folketalet i 4. kvartal 2025 (jf. www.ssb.no) var 7626 innbyggjarar i Sykkylven kommune. Av desse var til saman 5694 medlemmar i Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes. Ikornnes sokn med 1189 medlemmar og Sykkylven sokn med 4505 medlemmar.

Prosentvis utgjer dette ei medlemsmasse i Den norske kyrkja i overkant av 75 prosent av antall innbyggjarar i Sykkylven kommune.

Demografien for Sykkylven sokn og Ikornnes sokn ser slik ut (henta frå www.register.kirken.no):

Nøkkeltall medlemmer

[Hjelp til medlemsstatistikk](#)

Velg sokn

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Demografi

☒ Alle ☐ 0-19 ☐ 20-100+


Velg år

2025

Medlemmer pr 31.12

	I dag	2025	
Medlemmer	5 669	5 694	-
Tilhørige	0	0	-
Sum	5 669	5 694	-

Medlemsoversikt



1.2. Kommunalt ansvar

Trossamfunnsloven har sitt formål om å understøtte trus- og livssynssamfunn. Og kapittel 3 i denne lova presiserer at bestemmelsane i denne lova er å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje.

Finansieringa av Den norske kyrkja skjer ved ei todelt finansieringsløyising mellom staten og kommunen. Staten gir tilskot til prestetenesta og kyrkja si verksemd nasjonalt og regionalt, og kommunen gir tilskot til kyrkja lokalt:

§ 14. Finansiering av Den norske kirke

2. avsnitt: «Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.»

1.3. Ansvar og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellestråd

Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i Lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) §14 «Finansiering av Den norske kyrkja».

Ansvar til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplass og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellestrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, samt midlar/tilskot frå staten, til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, gravplass, og midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlèt til fellestrådet, samt gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørge for administrativ hjelp til prostens når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, fellestråd, sokneråd, dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane, samt både i samarbeid med og med supplement frå dei ulike lag og organisasjonar.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven-Ikornnes og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere både kyrkja og kyrkjeleg fellestråd sitt ansvar med gravplassforvaltninga blir enda betre.

2. Fellestrådets samansetning

2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellestråd i år 2025

Frå Ikornnes sokneråd:

Leif Erik Kalvatn (nestleiar til 31.11.2025, leiar frå 01.12.2025)

Synnøve Kalvatn

1. vararepr.: Bjørg Roth Kurset

2. vararepr.: Solfrid Anita Hammernes Utgård

Frå Sykkylven sokneråd:

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (fellesrådsleiar til 31.11.2025, nestleiar frå 01.12.2025)

Therese Kristin Utgård Aas

1. vararepr.: Therese Stave Hovland

2. vararepr.: May Lisbeth Hovlid Aurdal

Representant oppnemnd av biskopen i Møre bispedøme:

Jonas Richter Fjeld (sokneprest i Sykkylven sokn)

Vararepr.: Karl Johan Bjørge (prosten i Nordre Sunnmøre prosti)

Representant oppnemnd av Sykkylven kommune:

Jarle Sverre Strømmegjerde (varaordførar)

1. vararepr.: Olav Harald Ulstein (ordførar)

2. vararepr.: Anita Sølvi Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemmar i administrasjonsutval

Frå fellesrådet:

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (*fellesrådsleiar, nestleiar frå 01.12.2025*)

Leif Erik Kalvatn (*nestleiar, leiar frå 01.12.2025*)

Karl Johan Bjørge (*prost/leiar av prestetenesta*)

Frå dei tilsette:

Kristin Kjemphol Lohne (*tillitsvald og diakon*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.3. Medlemmar i økonomiutval

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (*fellesrådsleiar, nestleiar frå 01.12.2025*)

Leif Erik Kalvatn (*nestleiar, fellesrådsleiar frå 01.12.2025*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.4. Medlemmar i gravplassutval

Jarle Sverre Strømmegjerde (*fellesrådsmedlem, og varaordførar*)

Synnøve Kalvatn (*fellesrådsmedlem*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2025

- **F-sak 3/25 Budsjett 2025**

Økonimiutvalet har hatt ein gjennomgang av budsjettframlegget i forkant av dette møtet. Kyrkjeverjen orienterte om budsjettforslaget som er budsjettert i ballanse mellom anna med grunnlag i at budsjettposten til delfinansieringa (50/50) av diakonstillinga ikkje er fullbudsjettert. Det er budsjettert kr. 95.591,- av kr. 362.239,-.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd godkjente forslag til budsjett 2025 med dei innspel og endringsvedtak som vart gjort i møtet.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 04/25 Økonomiplan 2025-2027**

Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Økonomiplanen for 2025-2027 vart godkjent som framlagt med dei innspel og endringsvedtak som vart gjort i møtet. Kyrkjeverjen gis mandat til å gjere nødvendige endringar og omprioriteringar i samråd med kyrkjetenaren m/driftsansvar.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 7/25 Fastsetting av rekneskapet for 2024**

Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte om grunnlaget for eit svakt positivt årsresultat 2024 på kr. 0,-

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tok det til vitande og fastsette eit svakt positivt årsresultat 2024 på kr. 0,-.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

- **F-sak 14/25 Høyring om strategi for Møre bispedøme**

Kyrkjeverjen orienterte om høyringa.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok at kyrkjeverjen sender inn høyringssvar i lys av behandlinga av høyringa i møtet.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 18/25 Kommunalt driftstilskot 2026 til Den norske kyrkja.**
Kommunalt driftstilskot 2026 til gravplassmyndigheita.

Kyrkjevevjen orienterte om budsjettarbeidet og om saksframlegget, med behandling i økonomiutvalet, til dei to kommunale driftstilskota for år 2026. Det todelte budsjettforslaget er utarbeida i lys av møtet vi hadde i økonomiutvalet tysdag 11. september 2025. Budsjettforslaget inneber kr. 1 310 400,- til Sykkylven kyrkjelege felleusråd (SKF) på vegne av den kommunale gravplassforvaltninga og kr. 4 580 940,- til SKF på vegne av Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.

Todelt rammetilskot

Viser til tildelingsbrev 2025 frå økonomiavdelinga i Sykkylven kommune. I brevet vises det til budsjettvedtaket i Sykkylven kommunestyre av 16. desember 2024. Kommunestyret behandla der 2 ulike driftstilskotspostar: Kyrkjeleg felleusråd og Kyrkjegarden (gravplass). Med andre ord mottar Sykkylven kyrkjelege felleusråd eige kommunalt tilskot på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven og eige kommunalt tilskot på vegne av gravplassmyndigheita i Sykkylven.

Lovpålagte oppgåver

1. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til Den norske kyrkja er nedfelt i Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnslova).
2. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til gravplassmyndigheita er nedfelt i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven).

Trussamfunnslova

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i trussamfunnslova § 14:
(henta frå www.lovdata.no den 10.03.2026)

§ 14. Finansiering av Den norske kirke og vilkår for tilskudd

Staten gir tilskudd til prestatjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.

Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.

Bestemmelsene i [§ 5 femte ledd bokstav b](#), [§ 6](#) og [§ 7 første ledd fjerde punktum](#) gjelder tilsvarende for Den norske kirke.

Regnskapsloven gjelder for regnskapet til rettssubjektet Den norske kirke og for regnskapet til soknet, med mindre departementet har fastsatt annet i forskrift.

Et sokn kan ikke tas under konkursbehandling eller begjære åpning av gjeldsforhandlinger etter konkursloven.

Eiendeler som Den norske kirke mottar fra Opplysningsvesenets fond, skal ikke gi Den norske kirke økonomisk gevinst til fordel for sin alminnelige virksomhet.

Gravplasslova

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i gravplasslova § 3:
(henta frå www.lovdata.no den 10.03.2026)

§ 3. Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.

Gravplassmyndigheten har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen. Soknet fremmer budsjettforslag for kommunen så fremt statsforvalteren ikke har fastsatt at ansvaret som lokal gravplassmyndighet etter loven skal ligge til kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i gravplasser og tilhørende varige driftsmidler.

Hovudpunkta i budsjettforslaga

1. Justert for løns- og prisvekst

Budsjettforslaget til Den norske kyrkja og budsjettforslaget til gravplassmyndigheita/-styresmakta er begge justert med 4% påslag for løns- og prisvekst av fjorårets budsjettforslag.

2. Tilskot til diakonstilling

Trussamfunnslova § 14 er kommunalt tilskot til diakoni eksplisitt oppført. I budsjettframlegget har vi difor berekna kommunal finansiering av 0,5 årsverk (= halve lønnskostnadane) til diakonstillinga i Sykkylven-Ikornnes. Den andre halvdelan av lønnskostnadane blir finansiert av tilskot frå Møre bispedøme og innsamla midlar.

Aktivitetskostnadane, utgifter til kontorhald m.m. blir finansiert av avsette fondsmidlar, gåver og innsamlingar, samt sponsorar/samarbeidspartnarar og andre tilskotsordningar vi kan få tilslag på.

3. Konfirmantarbeidet

Vi kan vise til stor oppslutning av ungdommar som vel å konfirmere seg i kyrkjene våre. Av årets kull er det om lag 80% av ungdommane som har meldt seg på til konfirmasjon i mai 2026. Dette er ein viktig periode i ungdommane sitt liv og vi set difor av store ressursar i arbeidet med å sikre at dette blir eit positivt og lærerikt år. Både tilsette, frivillige og konfirmantforeldra deltek i dette arbeidet, og vi har også ulike samarbeid med lag og organisasjonar.

4. Frivilligheit og leining av frivillige

Det er hundrevis av innbyggjarar som på ulikt vis er med i frivillig arbeid i regi av kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes. Dette vil vi fortsette med å legge til rette for, og vi vil fortsette med å sette av både tid og ressursar til å rekruttere, følge opp og utruste frivillige medarbeidarar.

5. Møtestadar og fellesskap

Våre to arbeidskyrkjer gir gode rammevilkår for mange ulike aktivitetar og tilbod. Dette er vi opptatt av å vidareutvikle, og vi vil fortsette arbeidet med å legge til rette for at ulike engasjement frå både privatpersonar, grupper, kommunen og lag og organisasjonar skal kunne gjennomførast.

6. Ein viktig aktør i folkehelsearbeidet

Vi gler oss over at svært mange av kommunens innbyggjarar har ulike tilknytingar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Diakoni-/omsorgsarbeidet, song- og musikkarbeidet, verdiformidlinga, trusopplærings- og undervisningsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas sjølvkjensle, helse og trivsel. Det ikkje så lett å talfeste, men vi er frimodige i å meine at kyrkja sitt arbeid er viktige faktorar i det forebyggjande og bevarande folkehelsearbeidet for innbyggjarane i Sykkylven.

7. Samarbeid

Framover vil vi fortsette med å søke etter, og legge til rette for, ulike samarbeid med både kommunen og ulike lag og organisasjonar.

8. Kyrkjene som kulturbygg

Kyrkjene i Sykkylven/Ikornnes er i stor utstrekning brukt til konsertar og andre kulturelle arrangement, både av lokale og utanbygds kor, korps, musikarar og songarar. Vi kan også mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. Det er også fint at Ikornnes kyrkje blir brukt til ei av gruppene i «Sterk og Stødig», i regi av Sykkylven kommune, ved kommunal fysioterapeut. P.t. øver desse vaksenkora fast ein gong i veka i kyrkjene: Sykkylven Gospelkor, Velledalskoret, Hundeidvik blandakor og Sykkylven blandakor. Dette i tillegg til dei ulike barne- og ungdomskora i regi av kyrkja sjølv.

9. Gravplassen i Sykkylven kommune

Som gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune er Sykkylven kyrkjelege fellesråd opptatt av å forvalte, drifte og vedlikehalde Sykkylven kyrkjegard på ein ordentleg og verdig måte. Vi gler oss over at namna minnelund no er på plass og over dei mange positive og gode tilbakemeldingane vi får for forvaltninga av heile gravplassen. Vi vil streva etter at både innbyggjarar og besøkande skal oppleve det slik også i 2026 og framover i tid.

10. Ingen tenesteytingsavtalar

Ulikt med dei fleste kyrkjelege fellesråd i Norge gjer vi dykk merksame på at det er ingen tenesteytingsavtalar mellom Sykkylven kommunen og Sykkylven kyrkjelege fellesråd (jf. Trussamfunnslova §14, 3. avsnitt). Eksempelvis er det vanleg at det er kommunen som driftar IT-løysingane. Eit anna eksempel er at det er kommunalt tilsette (tekniske tenester) som tek seg av gravearbeidet på gravplassen/-ane. Dette er eit viktig moment i samband med korleis ein les, forstår og samanliknar KOSTRA-tala. Vårt inntrykk er at Sykkylven kyrkjelege fellesråd kjem dårlegare ut ved at vi rapporterer faktiske og markedsstyrte kostnader, mens berekningar og rapporteringar av tenesteytingar ikkje alltid er like presise og faktiske.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 18/25 vedtak om eit todelt budsjettforslag på kr. 1 310 400,- i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av den kommunale gravplassforvaltninga og kr. 4 580 940,- i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.

Avdelingsvis fordeling av kommunale driftstilskot 2026

jf. F-sak 18/25

Gravplassmyndigheita	kr	1 310 400
Den norske kyrkja	kr	4 580 940
Totalt	kr	5 891 340

1. Avd. 43 - Drift gravplass (eige driftstilskot)
2. Avd. 42 - Drift kyrkjer (Den norske kyrkja)
3. Avd. 41 - Drift administrasjon (Den norske kyrkja)

	Administrasjon	Kyrkjer	Gravplass
Samla tilskot pr. mnd.:	Avd. 41 pr. mnd.:	Avd. 42 pr. mnd.:	Avd. 43 pr. mnd.:
	32% av kr. 4 404 750	68% av kr. 4 404 751	
	Konto 18300	Konto 18300	Konto 18300
kr 381 745	kr 122 158	kr 259 587	kr 109 200

kr 5 891 340 kr 1 465 901 kr 3 115 039 kr 1 310 400

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 22/25 Val av leiar og nestleiar**

Leiar og kyrkjeverjen orienterte om dei demokratiske rammene rundt val av leiar og nestleiar, jf. beskrivelsane i «Handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd» s.24-26. Etter ein runde med forslag til kandidatar gjennomførte fellesrådet eit hemmeleg val, først på leiar og så på nestleiar. Valet var skriftleg.

Vedtak:

1. Val på leiar/fellesrådsleiar:

Av 5 stemmer gjekk 3 til Leif Kalvatn og 2 til Arne Martin Von-Krogh-Bakkedal

2. Val på nestleiar:

Av 5 stemmer gjekk 4 til Arne Von-Krogh-Bakkedal og 1 til Synnøve Kalvatn

- **F-sak 24/25 Høyring om kyrkjevalreglane**

I lys av behandling i AU-fellesråd var fellesrådsmedlemmane framlagt eit forslag til uttale i høyring om kyrkjevalreglane. Høyringsforslaget vart gjennomgått punkt for punkt i møtet.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok det framlagte forslaget utan endringar.

Kyrkjeverjen får i oppgåve å levere høyringssvaret digitalt.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar (4,15 årsverk):

Arild Sporsheim	- Kyrkjeverje i 100% stilling
Elise Ullavik	- Kontorsekretær i 55% stilling
Karl Johan Gjævenes	- Kyrkjetenar m/driftsansvar i 100% stilling
Rose Iren Stave	- Kantor i 100% stilling
Tor Einar Steinsvik	- Organist i 20% stilling
Olav Sverre Strømme	- Reinhaldar i 40% stilling

Lønna av sokneråda (2,1 årsverk),

med grunnlag i innsamla midlar og statlege trusopplærings- og diakonimidlar:

Elise Ullavik	- Administrativ støttefunksjon i trusopplæringsarbeidet, 30% stilling
Kathrin Notanes Riksheim	- Kyrkjelydspedagog, 100% stilling
Kristin Kjemphol Lohne	- Diakon, 80% stilling

Likestilling: 5 kvinner og 4 menn

Sjukefråvær: Om lag 3,5%, mot om lag 8% i 2024.

Tilsette i Møre bispedømme (med tenestestad i Ikornnes og Sykkylven):

Jonas Richter Fjeld	- Sokneprest i Sykkylven sokn i 100% stilling (har også sagt ja til å følge opp Ikornnes sokn)
Prostiprest og vikarar	- 40% presteteneste i Ikornnes sokn (midlertidig redusert frå 60%)

4.1. Staben

Vi gler oss over å være ein samlokalisert stab med kontor i Sykkylven kyrkje. Dette gir rom for tett samarbeid og eit heilheitleg arbeid for både Ikornnes sokn og Sykkylven sokn, ja for kyrkja sitt arbeid i heile kommunen.

4.2. Legge til rette for engasjement

Dei tilsette samarbeidar godt med dei mange frivillige/uløna medarbeidarane og har stort fokus på å legge til rette for frivillig engasjement. Dei tilsette har sjølv sagt sine dedikerte ansvar og oppgåver, men vi tenker ikkje at det skal være ei rein stabsdreva kyrkje, men ei fellesskapsdreva kyrkje. I dette tenker vi at vi alle står likt overfor å kunne være ven, tenar og medarbeidar i Jesus Kristus si kyrkje her i Sykkylven-Ikornnes. Og som ei luthersk kyrkje legg vi vekt på det allmenne prestedømme (1. Petersbrev kapittel 2, vers 5 og 9). Martin Luther oppheva dermed det formelle skillet mellom prestar og lekfolket og fortel oss at vi alle har eit religiøst ansvar. Dermed legg vi vekt på at det er for og ved Jesus vi får gode idéar, kall og engasjement. Dei tilsette vil halde fram med å invitere til ulike oppgåver og tenester, men legg altså også vekt på å være tilretteleggjarar for engasjement og kreativitet frå både privatpersonar, grupper, kommunen og lag og organisasjonar. Staben arbeidar for å være ei folkekyrkje med Rom for alle – saman!

Kyrkja er kalla til å vere eit hus av levande steinar – eit fellesskap der kvart menneske er ønska, sett og elska. Drøymen er ei kyrkje som opnar dørene vidt, ikkje berre i bygningar, men i hjartet. Ei kyrkje som seier: *Her er det rom. Her er det plass. Her høyrer du til.*

Rom for alle – saman! er vår visjon om eit kyrkjefellesskap som speglar Guds rause nåde. Alle menneske er skapt i Guds bilde og ber same verdi, og derfor skal ingen møtast med stengsler, skepsis eller avstand. Kyrkja skal vere ein fristad der menneske kan finne kvile, håp og styrke – i tru, i tvil og i livet slik det er. Vi vil byggje ei kyrkje der fellesskapet ber oss, der vi løfter blikket frå oss sjølve og ser kvarandre. Der vi står saman gjennom gleder og sorger, gjennom feiring og kvardag. Når vi samlast, enten til gudsteneste, kyrkjekaffi, samtale eller hjelp i ei krevande tid, vitnar vi om det Gud gjer mellom oss: Han skaper fellesskap.

I tida etter pandemien erfarte vi kor djupt vi lengtar etter å vere saman – å synge, be, le, gråte og leve i lag. Gjenopninga minna oss om kor verdifullt det er å kunne møtast igjen i kyrkja; samla om ordet og bordet, om trua og kvarandre.

4.3. Reduksjon i prestetenesta

I 2025 vart soknepreststillinga i Ikornnes sokn redusert frå 0,6 til 0,4 årsverk. Det er likevel viktig å presisere at Møre bispedømme melder dette som ein midlertidig reduksjon.

Resultatet av ulike møtepunkt mellom lokalkyrkja og regionalkyrkja førte til at det ikkje vart «utplassert» ein prest nummer 2 i Sykkylven-Ikornnes, men at det blir levert prestetenester etter behov. Det vart også slik at soknepresten i Sykkylven sa ja til å støtte Ikornnes sokn/sokneråd.

Reduksjonen i prestetenesta gjer at dei øvrige tilsette må ta eit større og breiare ansvar og at dei gjer fleire arbeidsoppgåver enn tidlegare. Like fullt er vi glade og takknemlege for det gode samspelet vi har mellom staben og råda, og ikkje minst med dei mange frivillige/uløna og med vikarane som har levert tenester her i Sykkylven-Ikornnes.

4.4. Prostiprest og prestevikarar i gudstenester

I 2025 var det prostiprest Kari Vatne som hadde flest tenester hjå oss, men det var også mange vikarprestar som bidrog. Dette var:

Helge Borgar Standal, Svend Klemmetsby, Karl Johan Bjørge (prost, leiar for prestetenesta i prostiet), Magne Bildøy, Paul Otto Brunstad, Simen Elias Nordbrønd Myklebust, Ruth-Wenche Vinje, Øystein Braaten, Stine Margrethe Lerheim, Erlend Lunde og Reidar Standal.

4.5. Gudstenesteleiarar

Vi er svært glade for tenesta der 3 personar er utrusta og vegleia til å være gudstenesteleiarar (leke). Til denne tenesta har dei mottatt godkjenningssbrev frå biskopen til å forvalte sakramenta (ordet/tale, nattverd og dåp). Alle tre har meldt at dei i utgangspunktet ønskjer å leie gudstenestene, forvalte nattverd og eventuelt ordet/talen, dersom ikkje gjestetalar eller prest. Ved dåp skjer dette fortrinnsvis i lag med ein prest. Gudstenesteleiarane er frivillige/uløna medarbeidarar.

Våre tre gudstenesteleiarar:

- Torbjørn Støylen, Kristin Lillebø og Svein Erik Kampenes

Fleire gudstenesteleiarar er velkomne.

4.6. Kyrkjetenarar i gudstenester

Etter ein prosess i 2014 vart 10% stillinga som kyrkjetenar erstatta med frivillige/uløna medarbeidarar. Dette er ei lovpålagt oppgåve, nedfelt i Trussamfunnsloven §14 (www.lovdata.no). Sidan den gang har dette vore ei kyrkjetenargruppe på mellom 8-11 personar. Frå år 2022 vart det vedtatt eit honorarreglement som inneber å gi ungdommar/studentar tilbod om honorar, i lys av å bli «frikjøpt» til å utføre denne tenesta (jf. IK sak 3/22 og SY sak 04/22). Ein av grunnane til aktualiseringa av temaet om honorar er at det i dag er ein god del av ungdommane/studentane som arbeidar på kveldane og i helgane. Engasjement i kyrkjene inneber då i praksis at ungdomsleiarar får redusert inntekt. Som ein kompensasjon for dette fant vi det lurt/riktig å gi tilbod om honorar til ungdomsleiarar i forhold til medgått tid. Her viser vi til lønnstabellen under pkt. 4.8 Unge arbeidstakarar i Hovedavtalen til Dnk.


Fleire kyrkjetenarar er velkomne, spesielt for Ikornnes sokn.

4.7. Organisasjonskart (til 31.11.2025)



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellelråd

ORGANISASJONSKART
(org. nr. 976 997 298)




4.8. Organisasjonskart (frå 01.12.2025)



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

ORGANISASJONSKART (org. nr. 976 997 298)



Pr. 01.12.2025

5. Kyrkjene

5.1. Kyrkjebygg

Sykkylven kyrkjelege fellesråd forvaltar 3 bygningar i tillegg til gravplassen og uteområda ved kyrkjene:

- Ikornnes kyrkje, med byggeår 1978
- Sykkylven kyrkje, med byggeår 1990
- Driftsbygninga ved gravplassen, med byggeår 2006

Med so store bygningsmassar krev det kontinuerleg vedlikehald og fornying. Vi brukar eit FDV-system (Forvaltning, drift og vedlikehald) for å betre og lette dette viktige arbeidet.

5.2. Kapell

I Sykkylven kyrkje er det eit eige kapell med 40 sitteplassar, med eigen kapellinngang mot aust. Kapellet blir nytta til bårsyning, mindre gravferder og vigslar, til bønesamlingar og andre samlingar.

5.3. Bårerom

Det kommunale bårerommet rommar inntil 9 kister og er plassert i Sykkylven kyrkje. Transporten til bårerommet skjer via kapellinngangen.

5.4. Kyrjekontoret

Kyrjekontoret har ope alle kvardagar frå kl. 10-14.

5.5. Vasslekkasjar grunna snø og is

På nyåret 2025 kom det unormalt store mengder med snø, og på kort tid. Dette resulterte i vasslekkasjar i begge kyrkjene som krevde ein solid innsats for å ordne opp i. Dei store snømengdene gjorde også at vi måtte leige inn folk til å måke kyrkjetaket til Ikornnes kyrkje, samt fjerne dei store snømengdene som la seg inn til glasrutene i underetasjen. Bygningane vart heldigvis i mindre grad skada som følgje av dette, men vi måtte mellom anna utbetre eit av takvindua i Ikornnes kyrkje. Det var også fleire av varmekablane i takrenner som vi fant feil på, og som dermed måtte bytast ut.

5.6. Tilstandsrapport

Det er omlag 20 år sidan forrige tilstandsrapport av kyrkjene og driftsbygninga på gravplassen. Tilstandsregistrering av bygga er viktig fordi den gir ei systematisk oversikt over den faktiske tilstanden til bygga. I 2025 satte vi difor i gang eit slikt arbeid og endte opp med å engasjere Ingeniør Rune Stavseng til å utføre utvendig tilstandsregistrering med fotodokumentasjon, samt kalkyle på retting/utbetring/vedlikehaldskostnader.

Arbeidet kom i gang i 2025. Rapportane er venta til sommaren.

5.7. Behov for heis og HC-toalett i Ikornnes kyrkje

Ikornnes kyrkje er i aktiv bruk, fyllt av både sang, musikk og kultur. Vi kan vise til mellom anna Allsang på bygda, Tysdagstreff (formiddagssamling med mykje folk), Sterk og stødig (kommunal regi), konsertar, 17-mai markering (FAU ved Sørestranda skule), Kyrkjedagar, bibeltimar, barnekor, øvingslokale for både Sykkylven og Hundeidvik blandakor, høgtidsferingar, samt utleige til lag, organisasjonar og privatpersonar (dåpsselskap, konfirmasjonsselskap, jubileumsselskap etc.).

I lys av krav til, og ønskje om, betre universell utforming er det behov for ei heis mellom etasjane og handikaptoalett i kyrkja. Slik det er i dag unnlet folk dessverre å kome på grunn av at det for mange er svært utfordrande å forflytte seg frå kyrkjerommet og ned i mat- og festsalen i underetasjen. Det er få parkeringar ved hovudinngangen oppe og det er ein krevande bakke, med sving rundt klokketårnet, for å kome seg opp og ned. Særleg vinterstid unnlet difor folk å kome på grunn av desse dårleg universielt utforma forholda, og dersom ein vel å trosse dette må ein gjerne bruke bil for å forflytte seg frå kyrkjerommet og ned til inngangen i underetasjen. Det svært populære «Allsang på bygda» er eit av eksempla på behovet for ei utbetring slik at fleire pensjonistar, dagsenterbrukarar, personar busett på BUAS, og andre, gis betre forutsetningar for å kunne nytte seg av dette tilbodet.

Dette er eit stort prosjekt kor vi treng både hjelp og bistand frå Sykkylven kommune, i lys av trossamfunnsloven §14. Både ordføraren og kommunedirektøren har mottatt informasjon frå kyrkjeverjen om dette. Vi ser fram til å arbeide vidare med å få på plass dette.

Universell utforming er eit viktig anliggende for eit publikumsbygg, for bygdas innbyggjarar. Ikornnes kyrkje er eit monumentalt bygg fylt med mykje aktivitet og vi ønskjer både å vidareføre og vidareutvikle den som ei folkekyrkje fylt av engasjement, mangfold og eit rikhaldig tilbod til liten og stor.

5.8. Opa kyrkje – Sykkylven kyrkje

På måndagar er Sykkylven kyrkje spesielt tilrettelagt for å være ei opa kyrkje frå kl. 11-13. Dette slik at ein kan gå inn i kyrkjerommet for å kunne sitte i benkane, studere kunsten, tenne lys og/eller be.

Målet er at kyrkjene i Sykkylven og Ikornnes skal være opne folkekyrkjer, som er til for folket. Rom for alle – saman!

5.9. Kyrkjelege handlingar

Kyrkjelege handlingar (samla sett):

- | | |
|-------------------------------|---|
| • 72 gudstenester | (72 i 2024, 80 i 2023, 74 i 2022) |
| • 50 døypte og 71 konfirmerte | (43 og 86 i 2024, 44 og 66 i 2023, 38 og 76 i 2022) |
| • 5 vigslar | (9 i 2024, 6 i 2023, 9 i 2022) |
| • 62 gravferdsseremoniar | (45 i 2024, 65 i 2023, 48 i 2022) |

5.10. Investeringar og vedlikehald

Orienteringssak: **Investeringar og vedlikehald i 2025**

KYRKJER OG KYRKJEKONTOR

I 2025 vart det brukt om lag kr. 425 000,- til investeringar og vedlikehald på kyrkjene og kyrkjekontoret.

Av større ting kan nemnast:

- Avtrekksvifte, *Sykkylven kyrkje*
- Sikring heis, *Sykkylven kyrkje*
- Dørautomatikk, *Sykkylven kyrkje*
- Ventilasjonanlegg, *Sykkylven kyrkje*
- Varmekablar takrenner, *Sykkylven kyrkje*
- Nye taklamper, *Sykkylven kyrkje*
- Utbetring bårerom, *Sykkylven kyrkje*
- Varmestyring, *Ikornnes kyrkje*
- Romsensorar, *Ikornnes kyrkje*
- Utbetring takvindu, *Ikornnes kyrkje*

GRAVPLASSEN

I 2025 vart det brukt om lag kr. 355.000,- til investeringar og vedlikehald på gravplassen i Sykkylven, Sykkylven kyrkjegard

Av større ting kan nemnast:

- Slutføring av minnelund
- Straumtilførsel minnelund
- Utbetring tilhengar
- Utbetring av vegane
- Tømning av slukar
- Trepleie (alborist)

6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 65 gravleggingar i 2025 (50 i 2024 og 70 i 2023).

6.1. Innleiing

I Sykkylven kommune er det Sykkylven kyrkjelege fellesråd som er gravplassmyndigheit på vegne av alle innbyggjarane. Dette er med andre ord ei kommunalt lovpålagt oppgåve der Sykkylven kommune er økonomisk ansvarleg og der gravplassmyndigheita har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjevevjen/dagleg leiar har dermed ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen i Sykkylven. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassen blir utreda av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og Forskrift om gravplassvedtekter for Sykkylven kommune.

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at «publikum» opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet og respekt for gravplassens særpreg. Vi søker å gi ei verdig gravferd for alle i respekt for den avdøde sin religion eller livssyn.

6.2. Driftsbygning

Driftsbygninga ved gravplassen stod ferdig i 2006.

Dette er eit teneleg bygg for oppbevaring og vedlikehald av maskiner og utstyr. Det har også eit offentleg toalett som vi arbeider med å få på plass ei betre adgangsløysing slik at det kan være tilgjengeleg også på kveld og i helger.

6.3. Samarbeidspartnarar

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid.

Elles vil vi også få rette ein stor takk til dei ulike verksemdene (gravferdsbyrå, steinleverandørar m.m.) som vi samarbeider med og som på ulikt vis bistår dei etterlatne og dei ansvarlege for dei ulike gravstadane (festarane).

6.4. Minnelund

Med tilskot frå Sykkylven kommune er det no etablert ein svært fin minnelund ved Sykkylven kyrkjegard, gravplassen i Sykkylven.

Denne vart offisielt opna den 13. mai 2025. Snora vart klipt av ordføraren, Olav Harald Ulstein. Snora vart halden oppe av Synnøve Kalvatn og Jarle Strømmegjerde, frå gravplassutvalet.

Minnelunden er utforma av Kjell Gunnar Overøye, i lys av sin kunstnariske praksis.

Det er lagt varmekablar under villskiferen der 4 minnesøyler, benkar og installasjonar for plassering av blomster og lys er plassert. Målet er at det skal være tilgang til dette området gjennom heile året.

Minnelunden har plass til 200 urner, og ved utgangen av 2025 var det sett ned 5 urner. Urnefeltet (ML) er nord for det opparbeida minnelundområdet.

Som gravplassmyndigheita i Sykkylven, vil Sykkylven kyrkjelege fellesråd få rekke ein stor takk til alle som bidrog til at denne minnelunden no er på plass!

6.5. Eiga nettside

I 2025 vart det etablert ei eiga heimeside på vegne av gravplassforvaltninga i Sykkylven kommune. Denne er ein del av ei nasjonal nettside for mange av dei kommunale gravplassmyndigheitene i landet. Ved å gå inn på www.gravplass.no kan ein skrive inn kommunenamnet Sykkylven for å kome til sida for gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune.

6.6. Av større saker i det vidare

- Middelaldergravplass/kyrkjestad
Innafor deler av dei av dei eldste gravfelt, i hovudsak på A og B-feltet, er det graver som er definert som heilt eller delvis freda. Dette er heimla i Kulturminnelova og området det gjeld kan ein sjå på www.kulturminnesok.no og søke etter «Sykkylven kyrkjestad».

Kort sagt om konsekvensane av dette:

- Ei grav kan berre brukast til ny kistegravlegging dersom det har vore gravleggingar i denne grava etter 1945.
- Grav utan bruk etter 1945 skal bevarast urørt, og er dermed automatisk freda kulturminne.
- På gravene vi har dokumentasjon på bruk før 1945 kan det settast ned urner, over den eldre kista.

Arbeidet med å avklare dette med festarane er godt i gang, men det står att eit godt stykke arbeid for å få avklart dette med alle.

- Utviding av gravplassen

Etter førespurnad frå kommunedirektør Torbjørn Emblem vart det i 2025 gjort ein ny gjennomgang av behovet for utviding av gravplassen. Ein kunne då mellom anna sjå ei utvikling dei seinare år med auka sletting av graver og stabilt høg gjenbruksprosent (av allereie festa graver). Resultatet av dette var at kommunen fikk tilbakemelding om at det ikkje vil være behov for ei utviding av gravplassen dei første 10 åra.

Gravferdslovas krav er at gravplassen til ei kvar tid har ledige graver for minst 3% av kommuna sine innbyggjarar (§2). Kommunen er kjent med dette og det er gjort tiltak i forhold til kjøp av areal til mogleg utviding mot søraust.

- Støyskjerming mot riksvegen

Støynivået frå riksvegen er tidvis for høgt. Dette gjeld spesielt ved gjennomføring av gravferder på dei nærast gravfelte langs riksvegen (A-, C-, L- og K-feltet). Dette er eit stort prosjekt som ikkje vil være mogleg å få løyst utan eige tilskot.

7. Økonomi

7.1. Årsrekneskapet

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellelsråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar, kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn kyrkjelydspedagog, diakon og administrativ støttefunksjon). Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og soknerådsrekneskapa.

Årsrekneskapet for 2025 viser eit positivt aktivitetsresultat på kr. 39 108,-.

Dette til tross for mellom anna svært høge pensjonskostnader, kr. 207 345,- meir enn budsjettet. Hovudforklaringa for å løyse dette er at SKF har bidratt med kr. 0,- til 50% av lønnsutgiftene (som var kr. 376 579,-) til diakonstillinga. Dermed er det sokneråda som fullt ut må ta desse kostnadane. I 2024 bidrog SKF med kr. 196 140,-. Den andre 50% av stillinga blir finansiert av tilskot frå Møre bispedøme.

Totalkapitalen pr. 31.12.2025 utgjer kr. 8 867 493,-, mot kr. 9 311 319,- pr. 31.12.2024. Av den samla totalkapitalen utgjer eigenkapitalen/bundne driftsfond inklusive fond for sokna kr. 6 203 321,-. Av dette gjeld kr. 5 439 320,- fonda til sokna. I 2025 vart det brukt netto kr. 502 327,- av bundne driftsfond. Av dette vart det brukt kr. 447 332,- av fonda til sokna, kr. 46 970,- av avsett investeringsmidlar gravplass og kr. 15 488,- av avsett investeringsmidlar kyrkje/administrasjon. Det vart avsett netto kr. 39 108,- til disposisjonsfond og kr. 14 632,- til kapitalkonto.

Bundne driftsfond tilhøyrrer dermed i hovudsak sokneråda (avd. 44), og i liten grad for fellelsrådsdrifta (avd. 41-43).

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapet for 2025 eit rettvisebilde av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapet for 2025 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

8. Oppsummering/måloppnåing/resultat

8.1. Tilsette

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har ansvaret for ein stab med dyktige medarbeidarar som er samlokalisert med kontor i Sykkylven kyrkje. I tillegg gler vi oss stort over dei mange frivillige/uløna som er engasjert og som tek på seg ansvar og utfører mange av arbeidsoppgåvene.

Fokuset er å være ei felleskapsdreva kyrkje, med visjon om å være kyrkjer/kyrkjelydar med Rom for alle – saman! I dette er det sjølvsagt slik at dei tilsette har sine dedikerte ansvar og oppgåver, der dei skal få bruke sin kompetanse og sine evner. Men dei har også, og skal ha, fokus på involvering og tilrettelegging for engasjement og frivillig innsats. Og dette er noko vi meiner å lykkast med i stor grad. Mellom anna med dei frivillige/uløna kyrkjetenarane og gudstenesteleiarane. I tillegg er det svært mange frivillige både i gudstenestene og i dei andre arrangement og aktivitetane som skjer, både i og utanfor kyrkjene.

I 2025 vart soknepreststillinga i Ikornnes sokn redusert frå 0,6 til 0,4 årsverk. Det er likevel viktig å presisere at Møre bispedømme melder dette som ein midlertidig reduksjon. Dette påvirker heile staben, og behovet for fleksibilitet og det å kunne utføre andre oppgåver enn elles blir ekstra viktig. Dette er til tider krevande, men blir arbeidd med for å løyse best mogleg.

Ei styrking i 2025 er at Elise Ullavik har auka stillingsgraden som administrativ støttefunksjon i trusopplæringsarbeidet frå 0,15 til 0,30 årsverk. Dette blir løna av sokneråda.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd gir ein særskilt ros og takk til dei tilsette sin innsats og fleksibilitet i året som har gått!

8.2. Samarbeid

Sykkylven kyrkjelege fellesråd kan vise til at ansvarsområda våre er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab, eit betydeleg tal frivillige/uløna medarbeidarar og i samarbeid med mange ulike organisasjonar, næringslivet, kommunen, NAV, vaksenopplæringa, flyktningkontoret og kriminalomsorgen.

8.3. Bygningar

Sykkylven kyrkjelege fellesråd forvaltar 3 bygningar i tillegg til gravplassen og uteområda ved kyrkjene:

- Ikornnes kyrkje, med byggeår 1978
- Sykkylven kyrkje, med byggeår 1990
- Driftsbygninga ved gravplassen, med byggeår 2006

Dei store bygningsmassane krev eit kontinuerleg forvaltning- drift- og vedlikehaldsarbeid. Eit eige system for å handtere dette er no tatt i bruk. Vi har også utvikla eit system slik at brukarar og publikum lettare skal kunne melde inn feil/manglar/behov.

I 2025 vart Ingeniør Rune Stavseng engasjert til å utføre utvendig tilstandsregistrering av bygningsmassane som Sykkylven kyrkjelege fellesråd har forvaltningsansvaret for. Arbeidet kom i gang i 2025. Rapportane er venta til sommaren.

I Ikornnes kyrkje er det starta eit arbeid i forhold til store behov for etablering av heis mellom etasjane og universielt utforma toalett, HC-toalett. Kommuneleiinga er informert om dette.

Både i Sykkylven og Ikornnes kyrkjer var det på nyåret 2025 relativt store utfordringar med vasslekkasje og behov for fjerning av snø på tak grunna dei unormalt store mengdene med snø og is som kom på kort tid. Tiltak vart gjort for å redusere omfanget av vasslekkasjar grunna snø og is i framtida.

Begge kyrkjene i Sykkylven og Ikornnes er fylt av mykje aktivitet med stor satsing på undervisning/trusopplæring og arbeid blant unge, vaksne og eldre. Det diakonale arbeidet er i stor framdrift under leiing av diakonen. Oppdraget i det vidare vil være å framleis søke å legge til rette for frivillig engasjement; auka involvering og eigarskap til arbeidet i kyrkja/kyrkjelydane med og for barn, unge, vaksne, seniorar og eldre.

8.4. Gravplassen

Som gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune har vi som mål at gravplassen i Sykkylven, Sykkylven kyrkjegard, skal være ein fin og velstelt gravplass som blir opplevd som ein tenleg gravplass for både innbyggjarar og tilreisande i Sykkylven. Tilbodet om namna minnelund føyer seg inn i dette og vi gler oss over at denne vart tatt i bruk i mai/juni 2025.

Bruken av sommarhjelparar har vi gode erfaringar med og vi vil halde fram arbeidet med å engasjere gode ungdommar og vaksne som har eit ekstra «auge» for park- og hagedrift. Vi ser også stort på samarbeidet vi har med eksempelvis vaksenopplæringa og NAV i forhold til å kunne tilby både språk- og arbeidspraksis. Vi vurderer også moglegheitene for å nyttegjere oss av robotgrasklippar(ar) i dette arbeidet.

Gravplassforvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og Forskrift om gravplassvedtekter for Sykkylven kommune.

Av større saker i det vidare blir det oppfølging av festarane av freda graver, utviding av gravplassen, samt behovet for støyskjerming mot riksvegen.

8.5. Økonomi


Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) har vedtatt å levere eit aktivitetsresultat på kr. 39 108,-. Dette til tross for mellom anna store ekstraavgifter til pensjonskostnader. Mange år med unidekka underskot gjer at SKF ikkje har kunne opparbeide seg disposisjonsfond å ta av. Ein av dei største konsekvensane for å levere eit 0-resultat er at SKF ikkje har bidratt til lønn diakon. Dermed er det sokneråda som må bere denne kostnaden. I lengda er ikkje dette berekraftig, så i det vidare vil SKF arbeide for å sikre sine ansvar betre.


8.6. Grunnlag for framleis drift

Leiinga si vurdering er at Sykkylven kyrkjelege fellesråd evner å halde fram drifta i 2026.

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 19.03.2026


Leif Erik Kalvatn
Fellesrådsleiar


Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar



- Vedlegg:
1. Årsrekneskap 2025 (hovudtala)
 2. Driftsregnskap – Vedlegg 2A
 3. Investeringsregnskapet – Vedlegg 2B
 4. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
 5. Fondsoppstilling 2025
 6. Noter til rekneskapet

Fellesrådssamansetninga ved inngangen til år 2026

Leif Erik Kalvatn	– fellesrådsleiar	(frå Ikornnes sokneråd)
Arne Martin Von Krogh-Bakkedal	– nestleiar	(frå Sykkylven sokneråd)
Jarle Strømmegjerde	– styremedlem	(oppnemnd av kommunen)
Jonas Richter Fjeld	– styremedlem	(oppnemnd av biskopen)
Synnøve Kalvatn	– styremedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
Therese Kristin Utgård Aas	– styremedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Arild Sporsheim	– kyrkjeverje/dagleg leiar	
Björg Roth Kurset	– 1. varamedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
Solfrid Anita Hammernes Utgård	– 2. varamedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
Therese Stave Hovland	– 1. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
May Lisbeth Hovlid Aurdal	– 2. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Olav Harald Ulstein	– 1. varamedlem	(oppnemnd av kommunen)
Anita Sølvi Vollstad	– 2. varamedlem	(oppnemnd av kommunen)
Karl Johan Bjørge	– varamedlem	(oppnemnd av biskopen)


DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Rekneskapet pr. 31.12.2025

	Virkelege tal		Budsjett	
41 - Kyrkjeleg administrasjon	kr	2 101 215	kr	2 044 921
42 - Kyrkjer	kr	3 504 722	kr	3 195 924
43 - Kyrkjegard	kr	2 444 159	kr	1 947 504
SUM utgifter	kr	8 050 096	kr	7 188 349
41 - Kyrkjeleg administrasjon	kr	2 208 131	kr	2 056 921
42 - Kyrkjer	kr	3 460 154	kr	3 195 924
43 - Kyrkjegard	kr	2 372 549	kr	1 947 504
SUM inntekter	kr	8 040 834	kr	7 200 349
Over- /underskot før finans	kr	-9 262	kr	12 000
5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 41)	kr	-		
5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 42)	kr	-		
5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 43)	kr	-		
15000 Renteutgifter / Låneomkostningar				
15500 Avsetjing til bundne fond (Avd. 43)	kr	-		
15200 Utlån - Kjøp av aksjar og andelar (KLP)	kr	14 632	kr	12 000
15300 Dekking av tidlegare års negative resultat				
15400 Avsetningar til ubundne fond	kr	39 108		
Sum finanskostnader	kr	53 740	kr	12 000
9500 Bruk av fond til investering	kr	62 458		
19000 Renteinntekter				
19001 Andre renteinntekter	kr	545		
19400 Bruk av ubundne fond - disposisjonsfond				
19500 Bruk av bundne fond				
19800 Rekneskapsmessig underskot	kr	63 003		
Sum finansinntekter				
Resultat	kr	0	kr	-


DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 7/26 Fastsetting av rekneskapet for 2025

Sykkylven 19.03.2026

fellesrådsleiar, Leif Erik Kalvatn

kyrkjevevjerje/dagleg leiar, Arild Sporsheim

Driftsregnskapet - Vedlegg 2A

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2025

Side 1

18.03.2026 10:50:45

Arild

Periode 0-12	2025	2024
Driftsinntekter		
Sum Brukerbetaling, salg-,avgifter og leieinntekter	-1 506 048	-1 480 933
Sum Salg av driftsmidler / fast eiendom		
Sum Overføringer/Refusjoner	-1 598 653	-1 545 380
Sum Kalk. inntekt ved komm.tj.ytingsavtale		
Sum Statlige tilskudd	-1 053 800	-996 179
Sum Rammeoverføring/ Tilskudd fra egen kommune	-4 985 616	-4 794 720
Sum Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	-60 681	
Sum Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-436 899	-432 693
Sum Andre overføringer	-322 493	-424 432
Sum Driftsinntekter	-9 964 191	-9 674 338
Driftsutgifter		
Sum Lønn- og sosiale utgifter	5 628 923	4 911 417
Sum Kjøp av varer og tjenester	3 105 314	2 705 020
Sum Overføringer/Refusjoner	929 511	886 140
Sum Kalk.utg. ved komm. tj.ytingsavtale		
Sum Tilskudd og gaver	990 464	734 165
Sum Avskrivninger		
Sum Driftsutgifter	10 654 212	9 236 741
Sum Brutto Driftsresultat	690 021	-437 597
Sum Renteinntekter og utbytte	-250 154	-265 825
Sum Mottatte avdrag på utlån		
Sum Renteutgifter og låneomkostninger		
Sum Avdrag på lån		

Driftsregnskapet - Vedlegg 2A

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2025

Side 2

18.03.2026 10:50:45

Arild

Periode 0-12	2025	2024
Sum Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	14 632	12 719
Sum Netto Finansinntekter/-utgifter	-235 522	-253 106
Sum Motpost avskrivninger		
Sum Netto Driftsresultat	454 499	-690 703
Interne Finansieringstransaksjoner		
Sum Bruk av udisponert fra tidl.år (overskudd)		
Sum Bruk av disposisjonsfond		
Sum Bruk av bundne fond	-658 749	-157 118
Sum Bruk av likviditetsreserve		
Sum Bruk av avsetninger	-658 749	-157 118
Sum Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)		
Sum Avsatt til disposisjonsfond	39 108	
Sum Avsatt til bundne fond	165 141	847 821
Sum Avsatt til/ Styrking av likviditetsreserven		
Sum Overført til investeringsregnskapet		
Sum Avsetninger	204 249	847 821
Sum Regnskapsmessig Mindre/Merforbruk (Over/Underskudd)		

Investeringsregnskapet - Vedlegg 2B

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2025

Side 1

18.03.2026 10:51:33

Arild

Periode 0-12	2025	2024
Sum Investeringer i anleggsmidler	612 458	1 225 660
Sum Renteutgifter, låneomkostninger		
Sum Avdrag på lån (ekstraord.)		
Sum Utlån, kjøp av aksjer andeler o.l.		
Sum Avsetninger		280 546
Sum Årets Finansieringsbehov	612 458	1 506 206
Finansiert slik:		
Sum Bruk av lånemidler		
Sum Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.		
Sum Refusjoner	-148 939	-218 248
Sum Tilskudd til investeringer	-550 000	-1 506 206
Sum Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)		
Sum Ekstern Finansiering	-698 939	-1 724 454
Sum Overført fra driftsregnskapet		
Sum Bruk av avsetninger	-62 458	
Sum Finansiering	-62 458	
Sum Udekket/Udisponert	-148 939	-218 248

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

2025

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Side 1

Arild

Periode 0-12	2025	2024
EIENDELER		
Anleggsmidler		
22700001 - Sykkylven kyrkje	1	1
22700002 - Ikornes kyrkje	1	1
22700003 - Sykkylven kyrkjegard	1	1
Sum Faste eiendommer og anlegg	3	3
Sum Utstyr,maskiner og transportmidler		
Sum Utlån		
22100001 - Aksjer og andeler	304 666	290 034
Sum Aksjer og andeler	304 666	290 034
Sum Anleggsmidler	304 669	290 037
Omløpsmidler		
21310040 - Momskompensasjon	701 323	700 686
21375002 - Samlekonto Debitorer	505 090	143 860
21375010 - Tilgode frå andre		77 878
Sum Kortsiktige fordringer	1 206 413	922 424
21899001 - Forskudd til ansatte	8 500	
Sum Aksjer og andeler	8 500	
Sum Sertifikater		
Sum Obligasjoner		
21000001 - KASSE	7 513	36 484
21020001 - BANK - 4045 30 34315	270 583	151 686
21020002 - Fondskonto 4045 66 01032	7 769	476
21020003 - Gåvekonto 3910.38.74169	576 091	105 743
21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899	40 596	242 130
21020006 - 39051802776 særvilkår 31dg	5 028 835	6 286 519
21020007 - 39051802784 særvilkår 31dg gravfond	1 264 347	1 210 703
21098001 - Skattetrekk	152 178	65 118
Sum Kasse postgiro bankinnskudd	7 347 911	8 098 859
Sum Omløpsmidler	8 562 824	9 021 282
Sum EIENDELER	8 867 493	9 311 319

EGENKAPITAL

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2025

Side 2

Arild

Periode 0-12	2025	2024
25600004 - Avsett driftsmidler til gravplass	-202 138	-202 138
25600005 - Avsatt driftsmidler til kyrkje/administrasjon	-39 108	
25600010 - Avsett investeringsmidlar gravplass	-175 999	-222 969
25600011 - Avsett investeringsmidlar kyrkje/administrasjon	-42 089	-57 577
Sum Disposisjonsfond	-459 335	-482 684
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikornnes	-566 595	-591 776
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikornnes	-354 018	-379 199
25120000 - Avsett til barnearbeid Sykkylven	-1 375 634	-1 357 613
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Sykkylven	-1 245 963	-1 227 942
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Sykkylven	-339 536	-371 493
25120003 - Avsett til Sykkylven kyrkje	-226 171	-226 171
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-1 268 148	-1 316 985
25130001 - Avsett til musikkarbeidet	-19 446	-19 008
25130002 - Avsett til stabsutvikling	-43 809	-80 392
25130003 - Avsett til diakoniarbeid		-362 350
25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet		
Sum Bundne driftsfond	-5 439 320	-5 932 928
Sum Ubundne investeringsfond		
Sum Bundne Investeringsfond		
Sum Regnskapsmessig mindreforbruk		
Sum Regnskapsmessig merforbruk		
Sum Likviditetsreserve		
25990000 - KAPITALKONTO	-304 666	-290 034
Sum Kapitalkonto	-304 666	-290 034
Sum EGENKAPITAL	-6 203 321	-6 705 646
GJELD		
Langsiktig Gjeld		
Sum Ihendehaverobligasjonslån		
Sum Sertifikatlån		
Sum Andre lån		
Sum Langsiktig Gjeld		
Kortsiktig gjeld		

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2025



Side 3

Arild

Periode 0-12	2025	2024
Sum Kassekredittlån		
23214003 - Oppgjørskonto mva.	-26 372	-33 046
23214021 - Utgående mva (lav sats)	-1 620	
23290904 - SKYLDIG PENSJONSTREKK	-714	
23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT	-123 167	-52 902
23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER	-456 968	-421 340
23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP.	-46 028	-44 720
23299001 - Interimskonto Direkteremitering	-349	
23299006 - Samlekonto Kreditorer	-324 729	-451 676
23299007 - Skuldig Sykkylven sokn		
23299009 - Trekk kompetanseformål	-104	-4 411
23299010 - Skuldig andre	-26 750	-1 750
23299100 - Avsett til gravstell	-1 504 942	-1 452 832
23299200 - Trekt fagforeiningskontingent	-251	
23314001 - Forskuddstrekk	-152 178	-142 996
Sum Annen kortsiktig gjeld	-2 664 172	-2 605 673
Sum Kortsiktig gjeld	-2 664 172	-2 605 673
Sum GJELD	-2 664 172	-2 605 673
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	-8 867 493	-9 311 319
MEMORIAKONTO		
Sum Ubrukte lånemidler		
Sum Andre memoriakonti		
Sum Motkonto for memoriakontiene		
Sum MEMORIAKONTO		
Sum BALANSE		

Jf. F-sak 7/26 Fastsetting av rekneskapet for 2025

Sykkylven, 18/3-26

Signatur:		
Fellesrådsleiar		Leif Erik Kalvatn
Kyrkjeverje/Dagleg leiar		Arild Sporsheim

Fondsoppstilling 2025

Ballansekontoeane til både Sykkylven kyrkjelege fellesråd og begge sokneråda - samla i same ballanse/rekneskap.
Soknerådsfonda er basert på gåver og innsamla midlar.

	2025	Ending	2024	Ending	2023	Ending	2022
Tilhøyrande Ikorernes sokneråd:							
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikorernes	566 595	-25 181	591 776	72 708	519 068	73 042	446 026
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikorernes	354 018	-25 181	379 199	62 838	316 361	73 042	243 319
25110003 - Avsett til Ikorernes kyrkje	0	0	0	0	0	0	0
Sum fond - Ikorernes sokneråd	920 613	-50 362	970 975	135 546	835 429	146 084	689 345
Tilhøyrande Sykkylven sokneråd:							
25120000 - Avsett til barnearbeid Sykkylven	1 375 634	18 021	1 357 613	133 815	1 223 798	83 332	1 140 466
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Sykkylven	1 245 963	18 021	1 227 942	127 794	1 100 148	83 332	1 016 816
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Sykkylven	339 536	-31 957	371 493	40 544	330 949	29 798	301 151
25120003 - Avsett til Sykkylven kyrkje	226 171	0	226 171	10 502	215 669	0	215 669
Sum fond - Sykkylven sokneråd	3 187 304	4 085	3 183 219	312 655	2 870 564	196 462	2 674 102
Tilhøyrande begge sokneråda:							
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeid	1 268 148	-48 837	1 316 985	125 824	1 191 161	465 026	726 135
25130001 - Avsett til musikkarbeid	19 446	438	19 008	-4 323	23 331	10 494	12 837
25130002 - Avsett til stabsutvikling	43 809	-36 583	80 392	11 818	68 574	3 427	65 147
25130003 - Avsett til diakoniarbeid	0	-362 350	362 350	-92 956	455 306	20 453	434 853
Sum felles fond - begge sokneråda	1 331 403	-447 332	1 778 735	40 363	1 738 372	499 400	1 238 972
Sum Bunde driftsfond	5 439 320	-493 609	5 932 929	488 564	5 444 365	841 946	4 602 419
Tilhøyrande Sykkylven kyrkjelege fellesråd:							
25600004 - Avsett drift gravplass	202 138	0	202 138	202 138	0	0	0
25600005 - Avsett drift kyrkje/administrasjon	39 108	39 108	0	0	0	0	0
25600010 - Avsett investeringsmidlar gravplass	175 999	-46 970	222 969	222 969	0	0	0
25600011 - Avsett investeringsmidlar kyrkje/administrasjon	42 089	-15 488	57 577	57 577	0	0	0
Sum Disposisjonsfond	459 334	-23 350	482 684	482 684	0	0	0
25900001 - Udekket underskot	0	0	0	0	0	0	0
25990000 - KAPITALKONTO	304 666	14 632	290 034	12 719	277 315	12 123	265 192
Sum EIGENKAPITAL	6 203 320	-502 327	6 705 647	983 967	5 721 680	854 069	4 867 611



Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd SKF 2025

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid.

Kyrkjeleg fellesråd – på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja

Det er soknerådet som opptrer på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga. I kyrkjeordninga § 17

er det slått fast at kyrkjelydane gjennom fellesrådet skal samarbeide om visse oppgåver (innanfor kommunen).

Dette gjeld:

- Administrative og økonomiske oppgåver, t.d. koordineringa av budsjettarbeidet på vegner av kyrkjelydane.
- Mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. I dette ligg det bl a å koordinere planane kyrkjelydane har for si verksemd, og å sjå dette i høve til tilgjengelege ressursar.
- Arbeidsgivaransvar (tilsetjingar, ledelse, arbeidsmiljø, stillingomtalar osv.)
- Fremje samarbeid mellom sokna og ivareta ansvaret sokna har overfor kommunen.

Kyrkjeleg fellesråd – Gravplassmyndigheita i Sykkylven kommune

Gravplassmyndigheita tildeler grav, har ansvar for gravplassane i kommunen og tener alle innbyggjarane uavhengig av tru eller livssyn.

I Sykkylven kommune er gravplassmyndigheita lagt til Sykkylven kyrkjelege fellesråd.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 4.985.616,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og gravplassen.

Investerings:

Det er utbetalt kr. 550.000,- i investeringsmidlar frå kommunen i 2025. Av desse var kr. 250.000 til minnelunden.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 3:

Løn og personalutgifter

Består av følgjande postar:

	<u>2025</u>	<u>2024</u>
Løn og honorar	4 170 334	3 787 217
Folketrygdavgift	523 876	434 655
Pensjonsutgifter	922 807	630 744
Andre lønsutgifter	17 035	43 620
Sum løns- og personalutgifter	<u>5 634 052</u>	<u>4 896 236</u>

Gjennomsnittleg antal tilsette
som utfører gjennomsnittlig årsverk

8	8
<u>6,2</u>	<u>6,1</u>

Av dette er 2,1 årsverk finansiert av innsamla midlar og statleg tilskot (trusopplæringsmidlar og diakonimidlar).

Kommunale midlar til stilling diakon er lagt inn som intern overføring.

Dette blir redusert ved underskot i avd. 41-43. Vedtak om at overskot inntil 50% av lønsutgiftene til diakoni ligg til grunn her.

Løn og anna godtgjersle til dagleg leiar: Kr. 839.443,-.

Honorar til folkevalde: Kr. 39.950,-

Revisor:

Revisjonshonorar for 2025 utgjer kr. 49.400,- eks.
mva.

Dette gjeld fellesrådet og dei to sokneråda.

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 152.178,-

Note 5:

Pensjon:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjevars del av premie er kr. 922.807,- . Tilsette betaler 2% av løn i premie.

Av premien i 2025 er reguleringspremien på kr. 351.597,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7 581 442

Pensjonsmidlar utgjer kr. 8 691 394

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidler:

	Utstyr/Inventar 5 år	Maskin, Trspm. 10 år	Kyrkjer 80 år	Kyrkjegardar	SUM 2025
Anskaffelseskost 1/1	-				
Tilgang					
Avgang					-
Anskaffelseskost 31/12	-				
Akkumulerte avskrivningar 31/12	-				
Balanseført verdi pr. 31/12	-		3		
Årets avskrivningar	-				

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

Note 7:

Avsetningar og bruk av avsetningar

	Disposisjons Fond	Bunde driftsfond	Ubunde Inv.fond	Bunde Inv.fond	SUM: 2025	
Saldo pr 01.01:	202 138	5 932 928	280 546	-	6 415 612	
Avsetningar	39 108	165 141			204 249	
Bruk av avsetningar		658 748	62 458	-	721 207	
Saldo pr 31.12:	241 246	5 439 321	218 088		5 898 654	

Jfr. fylldig oversikt bruk/avsetjing.

Note 8:

Kapitalkontoen:

	Debet	Kredit
INNGÅANDE BALANSE pr 01.01		290 034
Aktivering av fast eigedom og anlegg		
Avskrivningar av fast eigedom og anlegg		
Avskrivningar av utstyr, maskiner og transp.m.		
Eigenkapitalinnskudd KLP		14 632
Nye lån	0	
Avdrag på lån		0
UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12	304 666	
	304 666	304 666

Sykkylven, 18.03.2026

Med helsing

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar